

Til deg, du hei

Arne Garborg

Til deg, du Heid og bleike Myr
med Bukkeblad,
der Hegre stig og Heilo flyer,
eg gjev mitt Kvad.

Til deg, du visne Lyng um Haug,
der Draumar sviv,
eg gjev min Song um Dimd og Draug
og dulde Liv.

*

Frå Haugtussa (1995)



Jæren skulde ikkje vera noko sers. Minst totte e g det, utan i Stundir daa eg gløymde meg sjølv og heilt ut livde; og av andre hørde eg visst ikkje Ros yvi Heimlande mitt. Styggare og styggare syntes det meg, di eldre eg vart helst. Og utan minste Sukk fór eg der ifraa. At det no kann sjaa so mykje annarleis ut, endaa det er so plent det same? eller ved det at det er so plent det same? Desse Heidane og Myrane med Fjelli i Aust og Have i Vest, det er det einaste av Land som rett kjem meg ved i Verdi. Andre Stadir kann vera vene. Dette kann vera vent eller stygt. Men det er mitt. Og sistpaa vert det vent. Jamvel det som visst er stygt her, — eg veit ingin Stad noko som i Grunnen er venare.

Der maa vera ein Visdom i dette. Noko me hev halvt um halvt gløymt. Men som me kjem til aa lære upp att.

Meir og meir glad vert eg i Sudjærs-Heidane au no (dei eg fyrr lite kjende til; fraa Garborg saag me deim ikkje). Det er milevide Lyngmarkir og Utslaattir og Torvmyrar, med her og der ut-imot Bygdine ein einsleg Gard eller Plass. I rolege breide Drag stig dei sud-yvi upp imot Synes-Varden, den eg so vidt skimtar her; so kjem lengst sud Oгна-Fjell, og lengst sudvest Sjøen.

Men korkje Fjell eller Sjø ser eg herifraa paa den Leidi; og der er daa Jæren fullkomin: berre Heid og Himil, berre Lyng og Luft. Ein Villheim for seg sjølv er dette. Det kann vanke ein Skyttar der so ender og Gong, eller ein Lyngslaattar; til sine Tidir kjem ei Torvkjerre skranglande med si lange Grind; ein Heia-Gjædar driv ikring med Smalen sin; det skvett ein Hare her og der; ein Lóm eller ei Ørn flyg; ein Hegre stend og drøymer att-med ei Tjørn; elles ligg alt som i Trollsvevn.

— For deg høyrest det vel utrulegt at me her paa denne fæle stygge Jæren hev Kunstmaalarar. Kvar Sùmar kjem dei. Færre og fleire. Ikkje berre Ungdomar som skal temja seg upp; nei, Folk av vaare beste; trur du meg ikkje kann eg døyve deg med eit Namn som Eilif Peterssen. Og det som er det utrulege: dei maalar ikkje berre Sjø og Strand. Æar og Bruir, Engir og Laavar, Bondegardar og alt som er vert Emne for Kunst; og læt seg brùka til Kunst, endaa det er fraa Jæren. Ja um eg skal vaage meg fram med alt: sjølve svarte Torvmyrane vert maala. Med Torv og alt. Nyskòri Torv, reist Torv, røykt Torv, stekkt Torv, alt er godt nok; alt er vent. Jamvel ei Dame av den fine Kiellands-Ætti held seg ikkje for god til aa gaa i Torvmyri og maale. Og Torvmyri vert Poesi, so svart ho er. Ven vert ho. Noko som er til aa sjaa paa og til aa hyggje seg i. Me Jærbuar gjeng og glor paa dette og skjek paa Hovudi; tru dei vert reint galne no? Men so er det so forunderlegt. Stundom er det som me mest . . . ja. Me lyt vedkjenast, at baade Sjøen, og det um han gjeng stygg, og Strandi, og det um det so er berre Drivsanden, og sjølve Lyngheidi, ja tilmed Torvmyri, — forsyne meg vert ikkje sjølve Torvmyri ven'e. Ja ein kjem opp-i mangt. Dæ sko nogen ha funne paa slikt for et Tju' Aar sian! —